



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352  
Julie Marie Andersen, 5557 2355

## Svar - Førespurnad om vurdering - Alver - 127/91 m fl - grøn omstilling av Mongstad - detaljregulering

Vi viser brev frå kommunen datert 21.02.2022. Kommunen spør om Statsforvaltaren i Vestland kan vurdere vedlagt notat om vasskvaliteten i Fensfjorden.

### Statsforvaltaren si vurdering

Rapporten om naturmangfald skildrar tilstanden med dagens kunnskap. Vasskvaliteten er der vurdert til god økologisk tilstand, og dårleg kjemisk tilstand. Vann-nett baserer seg på data frå dei siste 6 åra frå siste prøvetakingstidspunkt. Det betyr at viss siste prøvetaking blei gjennomført i 2019, så skal data tilbake t.o.m. 2014 inkluderast i klassifiseringa. Derfor kan ikkje vi «bytte ut» data i ei lågare tilstandsklasse med data som viser ei «uønskt» måling. I vassforskrifta er det «verste styrar» prinsippet som gjeld, så ei måling på 160 mg/kg t.v. i 2016 på B7 stasjonen vil gjelde fram til det blir tatt nye målingar i 2022 som kan bekrefte at sink har gått ned i tilstandsklasse II. Grenseverdi for sink i sediment er 139 mg/kg t.v, så det same gjeld på C2 stasjonen til Langøy. Denne vart målt til 140 mg/kg t.v i 2016, og gjeld ennå. Dette betyr at den økologiske tilstanden i Fensfjorden er moderat p.g.a. sink i fiskefôr. Det må komme fram i KU at sink, med dagens kunnskapsgrunnlag, er problematisk og det må gjerast tiltak for å få ned sinkforbruket. Sinknivået må hamne i tilstandsklasse II for at miljømålet om god økologisk tilstand i Fensfjorden skal nåast innan 2027. Det må også leggast planar for korleis ein kan stabilisere tilstanden slik at sink ikkje blir eit problem seinare.

Når det gjeld eutrofiering, så viser dagens kunnskapsgrunnlag god tilstand, men det er viktig å anerkjenne at et større utslepp av næringssalt frå landbasert oppdrett kan få negative konsekvensar for fjordsystemet og at dette bør overvakast.

I dei neste 3 åra skal fjordsystemet overvakast som del av eit større spleiselag mellom industri, oppdrett og kommunar. Programmet inneheld ei klassifisering av vassøyla på tre sentrale punkt i Austfjorden og Fensfjorden. Dette vil gje god kunnskap om «dagens» vasskvalitet. I tillegg skal det takast 3 botnfaunaprøver i dei same tre punkta og miljøgifter ved 8 lokalitetar som vil gje viktig innsikt i påverknadsbilete i fjordsystemet. Prøvar av botndyr og miljøgifter blir gjennomført ein gong og allereie i 2022. Vassøyla skal overvakast i 3 år (næringssalt og klorofyll).



Vi viser ellers til vår uttale datert 22.12.2021.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*